

## Lakselordane

På 1800-talet var det vanleg at engelskmenn reiste omkring til norske lakseelver for å fiska med fluge. Bøndene som hadde lakserett kunne gjera gode pengar på slikt. Sjølv fiska dei med nøter og kjer, og bestanden i mange elver var nede på eit minimum etter lang tids overfiske.

I 1883 var engelskmannen Walter E. Archer og kona Alice på båttur langs kysten av Vest-Noreg på utkikk etter ei lakseelv. Ei elv dei kunne fiska i, men og pleia og freda slik at ho blei rik på fisk og ikkje utsett for rovfiske med kjer og nøter, slik tilfellet stort sett var rundt omkring.

Elva fann dei, det var Suldalslågen. Archer gjekk frå gard til gard for å få elveiegarane til å leiga bort fiskeretten for heile 40 år. Denne tilsynelatande håplause oppåva greidde han i løpet av eit år, berre med hjelp av britisk tålmod og klingande mynt. Då hadde han sikra seg fiskeretten i Suldalsvassdraget frå Roalkvam i nordenden av Suldalsvatnet, og til Sand. Og jamvel i Sandsfjorden heilt ut til Jelsa. Dette vart byrjinga på ein ny æra i Suldalslågen si historie.

Archer sine slo seg ned på Rophaug på Sand, ein forblåst høgde ikkje langt frå sjøen, der huset dei første åra var bolta fast til grunnen. Fru Archer planta tre som etter kvart skjerma staden betre. Etter kvart slo fleire engelskmenn seg ned langs Suldalslågen og bygde flotte palass etter den tids mål, og bygga ruver i landskapet den dag i dag.

På Hiimsmoen bygde James Hunter, og tvers over elva, på Juvåsen, sto Victor Campbell sitt hus. Lenger oppe i dalen, på Lunde, reiste Montagu R. Waldo Sibthorp, Lindum. Engelskmennene blei etter kvart godt kjende




Walter E. Archer.  
Foto utlånt av Ryfylkemuséet.

og godt likte i bygda. Dei la att pengar, og gav arbeid til ikkje så få suldølar. Dei trong både roarar, klepparar og tenestefolk. Det var overklassefolk som var vane med ein høg standard.

Fredinga av laksen (sjølv sagt med unnatak av flugefisket til engelskmennene og gjestene deira) gav resultat. Bestanden auka, noko som blei prova ved hjelp av merking. 750 laks blei merkte, og 21 av desse blei attfunne.

Etter kvart som åra gjekk, og leigetida på 40 år gjekk mot slutten, byrja Archer å ottast kva som skulle skje med laksen etterpå. Det var to ting han var redd for. Det eine var at det gamle rovfisket med faste reidskap skulle ta seg opp att, det andre var planane om kraftutbygging i Lågen. Norsk Hydro la i 1908 planar der Suldalsvatnet skulle senkast til høgde med havet, og det skulle byggjast ein tunnel til Hylsfjorden, der båtar skulle kunna gå gjennom. Krafta



Familien Archer bygde hus på den forblåste høgden Rophaug på Sand. Huset er enno i Archer-familien sin eigeidom, men vort og brukt av lag og organisasjonar i Suldal. Foto utlånt av Ryfylkemuséet.

skulle nyttast til fabrikkar som skulle byggjast på Nesflaten. Archer gjekk heilt til statsminister Gunnar Knudsen med desse problema. Han fekk ikkje noko svar før han døydd i 1917. Han ligg gravlagd på Sand kyrkjegard, saman med fleire slektningar og andre engelskmenn.

I 1924 gjekk leigetida ut, og det

varde ikkje lenge før kjer og nøter var i bruk att. Etter 40 år var Suldalslågen blitt ei svært rik lakseelv, og ein kunne visstnok køyra heim heile hestlass med fisk etter at kjera ved Sandsfossen var tømde om kvelden. Det vart strid om fiskerettane, særleg ved elveosen, og fleire rettsaker måtte til.

I mars 1993 blei det på Lindum funne ein meir enn 100 år gammal fiskejournal i eit hemmeleg rom i eit skatoll. Denne faksimilen syner fangstane i august 1891. Ein har journalført fiskar, flugetype, vekt og stad. Jamvel fiskar som ein har mista er tekne med. I periodar er det og opplysningar om vær og klima, som temperatur i luft og vatn, vassføring, nedbør og barometerstand.

1891	Lindum	Stad	P. P. Rapich
12 <sup>te</sup> Louis	12 lbs F	Jock Scot	Sorstad 1
13 <sup>te</sup> Louis	15 lbs F	Jock Scot	Stråbo 1
15 <sup>te</sup> Louis	22 lbs F	Stevenson	Gjostens 1
17 <sup>te</sup> Louis	15 lbs F	Jock Scot	Steins 1
18 <sup>te</sup> Louis	20 lbs F	Jock Scot	Gjostens 2
19 <sup>te</sup> Louis	2 lbs F	Silva Dorch	Sorstad 3
20 <sup>te</sup> Louis	12 lbs F	Jock Scot	Sorstad 2
21 <sup>te</sup> Louis	12 lbs F	Stevenson	Gjostens Rapich
22 <sup>te</sup> Louis	16 lbs F	Blue Ranges	P. Pool 2
23 <sup>te</sup> Louis	12 lbs F	Indian Judge	Gjostens Rapich
24 <sup>te</sup> Louis	12 lbs F	Baron	P. Pool 3
25 <sup>te</sup> Louis	12 lbs F	Baron	Gjostens 5
26 <sup>te</sup> Louis	12 lbs F	Baron	Gjostens 5
27 <sup>te</sup> Louis	12 lbs F	Baron	Gjostens 5
28 <sup>te</sup> Louis	12 lbs F	Baron	Gjostens 5
29 <sup>te</sup> Louis	12 lbs F	Baron	Gjostens 5
30 <sup>te</sup> Louis	12 lbs F	Baron	Gjostens 5